
Saksnr: 2020/44275-50
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		15.12.2020

Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS - Revisjonsrapport**Forslag til innstilling**

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune tek rapport om tilleggsbestilling etter selskapskontroll av Ferde AS til orientering.

Samandrag

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune bestilte i møte 21.04.2020 ein felles tilleggsbestilling av selskapskontroll av Ferde AS. I denne saka vert revisjonsrapport lagt fram til politisk handsaming.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tilleggsbestilling etter selskapskontroll - Ferde AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 30/20 i møte 21.04.2020:

1. *Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune sluttar seg til at Kontroll - og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune ber Rogaland Revisjon IKS gjennomføre «Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS», med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune vil vera med på å dele kostnadene for selskapskontrollen.*
3. *Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, 250 timar.*
4. *Eventuelle justeringar i problemstillingane skal godkjennast av kontrollutvalet gjennom sekretariatet.*
5. *Kontrollutvalet kjem tilbake til eventuell bestilling av presentasjon av revisjonsrapporten for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og og/eller Vestland fylkesting.*
6. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Rogaland Revisjon IKS si side seinast innan 26.08.2020, ferdig verifisert og med selskapet, eigarrepresentant og fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

Av den godkjende prosjektplan går det fram at føremålet med selskapskontrollen vil vera:

«Formålet med prosjektet er å evaluere transaksjoner gjort i anledning etableringen av Ferde som et regionalt bomselskap og transaksjoner mellom Ferde/dets datterselskap og deres nærstående.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål er det formulert følgjande problemstillinger:

1. *Ble transaksjoner i anledning etablering av Ferde som et regionalt bomselskap gjennomført i samsvar med gjeldende regelverk og i samsvar med eiernes føringer? Herunder vurderes:*
 - *Fusjoner/fisjoner til grunn for etableringen av det regionale bomselskapet*
 - *Ervervet av BT Signaal AS og tilhørende transaksjoner inkludert det omtvistede, fremforhandlede sluttoppgjøret og faktura for utviklingstjenester for Sesam Sesam*
 - *Innfusjoneringen av regionale bomselskap*
2. *Ble Ferde og dets datterselskaps nærståendetransaksjoner gjennomført i samsvar med gjeldende regelverk? Herunder*
 - *Ble transaksjonene inngått på forretningsmessige vilkår?*
 - *Ble aksjelovens krav til skriftlighet og godkjenningsprosedyre fulgt?*
 - *Ble det gitt dekkende opplysninger om transaksjonene i regnskapene?*

Rogaland Revisjon har på side 7 i rapporten definert slike avgrensingar:

«Våre undersøkelser er begrenset i henhold til prosjektets formål og problemstillinger.

Proessen som ledet til etableringen av det regionale bomselskapet var kompleks, langvarig og vanskelig å etterprøve. Vi har derfor fokusert på de transaksjonene/aspektene som vi på grunnlag av risiko- og vesentlighetsbetraktninger anser som de mest sentrale.

Når det gjelder nærståendetransaksjonene er vår fremstilling avgrenset i forhold til allerede foreliggende vurderinger der vi anser dette for å være naturlig. Vi har i samsvar med vårt mandat fokusert på transaksjoner hvor Ferde og eventuelt dets datterselskap er avtalepart.

I rapporten har vi ikke vurdert om transaksjonene følger kravene til offentlig anskaffelser. Problemstillinger i forhold til bierverv er vi heller ikke vurdert inngående. Disse spørsmålene har også vært behandlet i både selskapskontrollen og Kluges rapport.»

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel fylkestinget som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Rogaland Revisjon IKS har no gjort ferdig tilleggsbestilling av selskapskontroll av Ferde AS. Revisjonsrapport er levert og ligg ved. Rapporten har vore send til uttale til Ferde AS, Vestland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune. Rogaland Revisjon IKS har berre motteke svar frå Ferde AS.

Rogaland Revisjon IKS har som metode i denne selskapskontrollen å ha datainnsamling i to fasar:

- Kartlegging og datainnsamling og Risikovurderingar
- Evaluering av transaksjonane - datainnsamling.

Etter sekretariatet si vurdering har revisjonen levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Av samandraget på side 4 går det fram at Rogaland Revisjon IKS har slikt hovudintrykk etter den gjennomførte revisjonen:

«Rogaland Revisjon IKS er av den oppfatning at

- *transaksjonene som ble gjennomført i anledning etableringen av Ferde som et regionalt bompengeselskap, var i samsvar med eiernes føringer og gjeldende regelverk;*
- *Ferde/dets datterselskaps nærstående transaksjoner synes å være gjennomført på forretningsmessige vilkår; og at*
- *det ikke foreligger vesentlige nærstående transaksjoner som ikke allerede har vært omtalt i selskapskontrollen.»*

Revisjonsrapporten inneheld ikkje tilrådingar til forbetringstiltak. På bakgrunn av det som går fram over er sekretariatet samd i at det i denne revisjonen ikkje er behov for å komme med slike tilrådingar. Kontrollutvalet bør difor foreslå for fylkestinget at rapporten vert teken til orientering.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet innstiller overfor fylkestinget at dei tek rapport om tilleggsbestilling etter selskapskontroll av Ferde AS til orientering.